

Lindås FRP v/Gudmund Husdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3748 - 15/30564

Saksbehandlar:

Astrid Aarhus Byrknes

ordforar@lindas.kommune.no

Dato:

23.09.2015

Svar på interpellasjon 24.09.2015 Seniorsenteret

Spørsmål:

1. **Kva er kriteriet for å verta rekna som ein senior i Lindås Kommune?**

Svar: Lindås kommune har ingen definisjon på kva det vil seie å vere senior. Kommunen har mange aktivitetstilbod som er retta mot ulike målgrupper og det må vere opp til kvar enkelt å vurdere kva for tilbod ein ønskjer å vere med på.

2. **Meiner Lindås kommune at informasjonen ut til seniorgruppa er god nok, og at den når fram til dei som den er meint for?**

Svar: Lindås kommune informerer om dei ulike aktivitetstilboda i etablerte informasjonskanalar, anten gjennom informasjonssider i lokalavisene eller på internett/facebook. Dei konkrete samlingane vert informert om på kommunen sine informasjonssider i lokalavisene. Det er ikkje gjort noko undersøking om informasjonen om seniortilboda når ut til alle innafor den aktuelle målgruppa, men med denne interpellasjonen kan det sjå ut til at kommunen har eit utviklingspotensiale.

3. **Vil Lindås kommune endre på dagens praksis slik at kundegruppa seniorar, seniorens familie og andre får ein enkel tilgang til oppdatert informasjon om aktiviteten på kommunens seniorsentrer?**

Svar: Kommunen har ein kommunikasjonsstrategi som seier at vi skal ut med rett informasjon til rett målgruppe til rett tid. Det betyr også at vi må nå ut med rett informasjon om aktivitetstilbodet til seniorgruppa. Kommunen vil sjå på informasjonsrutinar og kanalar knytt til seniorsenteret, og vurdere om ein brukar rette kanalar ut mot dei som er aktuell for å nytte tilbodet. Vi takkar også for forslag til endringar som kjem på slutten av denne interpellasjonen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås FRP v/Gudmund Husdal